



Morten Nilsen - nøgd så langt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Morten Nilsen (26) som driv Vertshuset fram til 20. august, har tru på at drifta vil gå i pluss når sommaren er over.**

**Han slår fast at han er nøgd og at det så langt har gått veldig bra, eigentleg betre enn han venta seg.- Til no har det vore kjempegøy og eg har verkeleg fått smaken på det, seier han til Kvinnheringen.**

- Vi blir ikkje rike, men det er jo ikkje difor vi driv med dette heller, presiserer han og oppsummerer at tilstelningane har vore populære. Dei har også fått mykje skryt for serveringa av rimeleg og enkel sommarmat.

Morten strekar under at kvalitet er viktig for han og minnar om at han kvar torsdag køyrer til Karmøy forå hente ferske reker. Elles er maten heimelaga. Til dømes bakar dei brød og hamburgarbrød kvar morgon og det blir ikkje brukt ferdigpakkar i matlaginga.

Når leigekontrakta går ut vil Morten vurdera korleis drifta vert utover hausten og vinteren. Det er godt mogeleg at han kan få til arrangement og restaurantdrift også til jul og påske. Morten skryt av lokalbefolkninga og er nøgd med talet på besøkjande.

- Uskedalingane er svært positive og støttande, seier Morten. Nå ønskjer han besøk av fleire frå andre delar av kommunen.

Det som står først på programmet no er ein ny quiz-runde på onsdag og det er igang organisering av lag som vil auka deltakinga samanlikna med dei to første rundene.

Av Ola Matti Mathisen